



Ål kulturhus

Program for bokmessa 2011

Kl. 11.30	Opning ved Hallvor Lilleslett varaordfører i Gol	Storesalen
Kl. 11.40	Nils Ellingsgard Hallingdal i biletkunsten	Storesalen
Kl. 12.45	Hans Olav Lahlum Satelittmenneskene	Trugeholu
Kl. 13.45	Karen Margrethe Erlandsrud Steder Anna satt	Veslesalen
Kl. 14.30	Eldgrim Springgard og Trond Andersson Luseriva og andre segner og eventyr frå Hallingdal	Trugeholu
Kl. 15.30	May Grethe Lerum Solstorm 1: Himmelslør	Veslesalen

Billettinformasjon

Gjennomgangsbillett kr. 150.

Billett til eitt arrangement kr. 80.

Ver tidleg ute. Når publikumsgrensa for lovleg
antall er nådd, blir salen stengt.

Billettsalet startar kl. 11.00.

Ta vare på billetten!



Kino på Ål kulturhus
Laurdag 19. november
Kl. 13.00 i Storesalen
Blåfjell 2:
Jakten på
det magiske horn

libris

Boktorg!

Stort boktorg ved Perstølen
Libris i nedre foaje.

I tillegg kan du sjå nærare på
Dølaminne, Hol-kalenderen,
Under Hallingskarvet og fleire
andre lokale bøker.

Forfattarane signerer bøkene
sine.



Ål kulturhus

Bokmessa 2011



Laurdag 19. november

kl. 11.30 - 16.30

Programleiar: Arne Horge

Nils Ellingsgard - Hallingdal i biletkunsten
Hans Olav Lahlum - Satelittmenneskene
Karen Margrethe Erlandsrud - Steder Anna satt
Eldgrim Springgard - Luseriva og andre segner
og Trond Andersson og eventyr frå Hallingdal
May Grethe Lerum - Himmelslør



Arrangør: Biblioteka i Nes, Gol, Hemsedal, Ål og Hol
i samarbeid med Ål kulturhus og Perstølen Libris



Steder Anna satt

Karen Margrethe Erlandsrud Anna blei mobba som barn, men smilte seg gjennom tilveret. Ho ville ikkje at nokon skulle oppdage korleis ho hadde det. Ho ville ikkje at nokon skulle ta tak i det. Karen Margrethe Erlandsrud har skrivne ei ungdomsbok om korleis mobbing på skulen kan prege mobbeofferet vidare i livet. Erlandsrud har 30 års røynsle frå skuleverket og har alltid arbeidd aktivt mot mobbing. Det som uroar meg mest, seier ho, er alle dei små barna som blei mobba, men som eg ikkje såg. Erlandsrud er opprinneleg frå Ål og dette er debut-romanen til forfattaren.



Hallingdal i biletkunsten

Nils Ellingsgård

Boksmia forlag står bak ei oppdatert og større utgåve av Hallingdal i biletkunsten av Nils Ellingsgård. I dette lysbileteforedraget vil Ellingsgård ta oss med på ei reise gjennom norsk kunsthistorie frå romantikken til i dag, gjennom Hallingdal frå Krøderen til Hardangervidda og Hemsedal fjella, og gjennom Hallingdals historie desse hundreåra. Me møter kunstnarane med skissebøker og målaraker, hallingkona i vevstolen og ved primkjelen, jenta i skurden, guten på nattefriing, mannen på hesteleiting, bygdefolket på auksjon, spelemannen på taket og fanden på øltønna.



Solstorm 1: Himmelslør

May Grethe Lerum

Spennig, gisseldrama og kjærleik. May Grethe Lerum har skrivne fyrste bok i ein ny serie for ungdom. I Himmelslør er Maya, mora og broren på veg heim frå hyttetur då dei får vite at ein solstorm er på veg. Ein solstorm er farleg. Han fører til at all elektrisitet blir borte - vegen frå det normale til unntakstilstand er kort. Alt blir kaos. May Grethe Lerum har tidlegare jobba som journalist i Hallingdølen og har gjeve ut ei rekkje bøker, mellom anna publikumssuksessen "Livets døtre". Møt forfattaren og høyr meir om boka og planane hennar for resten av denne nye serien.



Luseriva og andre segnir frå Hallingdal

Eldgrim Springgard og Trond Andersson Luseriva er ei samling med eventyr, segner og forteljingar frå Hallingdal. Mange stod fyrste gong på trykk i «Søgnir frå Hallingdal» (1868). Det var den fyrste boka til Det Norske Samlaget, og vart for mange ei kultbok Sidan er det kome fleire versjonar. Tekstene i Luseriva er av god gamal årgang, men står fram i ny språkdrakt ved Eldgrim Springgard og med nye originale illustrasjonar av Trond Andersson. Dei vil presentere boka «Luseriva & andre segner og eventyr frå Hallingdal» på bokmessa.



Satelittmenneskene

Hans Olav Lahlum

Etter stor suksess med boka «Menneskefluene» er Hans Olav Lahlum tilbake med ein ny kriminalroman med etterforskarer Kolbjørn Kristiansen. Året er 1969 og ein mangemillionær og tildlegare møtstandsmann blir myrda under ein familiemiddag på Oslo vest. Også denne gongen samarbeidar politimannen med den skarpe unge Patricia Louise Borchmann for å løyse mordgåta. Lahlum byr på ein klassisk krim med eit mysterium i Agatha Christie-stil. Forfatteren er historikar og mellom anna kjent for biografiane om Haakon Lie og Oscar Torp.



Bokbussen i Buskerud



60 år
1951-2011

Bokbussen i Buskerud er 60 år i 2011
Vi feirer med åpen bokbuss ved Ål kulturhus
lørdag 19 november.
Servering av kaffe og bursdagskake